

"Gud var i godlag i skapingsstunda, og himmelen smiler over Sunnhordland. Når han ikkje græt gledetårar." Ivar Eskeland

Aktivitetar og turforslag Deutsch English

Søkeresultat Aktivitetar og turforslag
Resultat 5-8 av 69

Tursti til Nonshaug
Adresse: 5464 Dimmelsvik
Telefon: 53 48 42 80
E-Post: turistinfo@kvinnherad.kommune.no
.: Les mer

Tursti til Varden på Sandvoll
Adresse: 5452 Sandvoll
Telefon: 53 48 42 80
E-Post: turistinfo@kvinnherad.kommune.no
.: Les mer

Søk i Sunnhordaland

Sunnhordland
Etne
Sveio
Austevoll
Bømlo
Fitjar
Kvinnherad

Aktivitetar

Aktiviteter

- Aktivitetsgård
- Aktivitetskurs
- Aktivitetselskaper
- Bad
- Badehus
- Oppvarmet basseng
- Barn/familie
- Bondegård/Fritidsgård
- Brevandring

Databasen som uskedalstiane ligg på omfattar heile Sunnhordland.

Også Uskedalen er på veg inn i tursti-opplegget for Kvinnherad, men førebels er det noko uferdig. Målet er at ein gjennom eit samarbeid med Kvinnherad Turlag og idrettslaga skal plukka ut rundt 40 turstiar frå heile kommunen som skal tilretteleggjast betre for turistane. Det skjer ikkje minst ved at kart og informasjon vert lagt ut på nettstaden www.visitsunnhordland.no

uskedalen.no kan ved å gå inn i denne databasen konstatera at åtte turstiar i Uskedalsområdet er kome med. men dei er så langt ikkje utstyrt med kart. Turmåla er Mannsvatn, Solfjell, Dønhaug (rundtur i sentrum), Tverrfjell, Kalkestasjonen, Englafjell, Ulvanåso og Mannen.

- Vi har kome langt, men har enno ikkje gjort den endelege prioriteringa for skiltinga, seier prosjektleder Karen Løvfall Våge som er ansvarleg for turistinformasjonen i kommunen og som også har røter i Uskedalen.

Dei ulike stiane blir merka med vanskegrad og meininga er at turistane allereie før dei kjem hit skal finna fram til interessante turar og så printa ut dei aktuelle turkarta.

Tekstane kjem på norsk, engelsk og tysk og karta leggjast ut så snart dei blir ferdige.

Som eit døme på kva ein kan finna av opplysningar på www.visitsunnhordland.no så langt har vi plukka ut turstigen til Kalkstasjonen.

Ein kan her lesa at start og slutt punkt er Øvre Haugland og brua over Uskedalselva. Ein skal ta av riksveg 48 på veg skilta mot Musland. Etter fire kilometer er det parkeringsplass ved bru over elva mot høgde til skogsveg. Ved parkeringsplassen er det skilt og informasjonstavle og det er enkelte T-ar langs skogsvegen.

Graderinga er grøn og vegen er egna for barnevogn, sykkel og motorisert rullestol.

Høgdeskilnaden er 80-100 meter over havet og turen tek halvannen time tur/retur-

Ein skal gå over brua og følgja skogsbilvegen til venstre. Etter vel ein kilometer kjem ein fr m til Uskedalen Elveigarlag sin kalkestasjon. Dette er endepunktet på turen. Ved kalkestasjonen er det sett opp bord der ein kan nytta nista.

Under 'gode råd' står det at hvis ein ønskjer å kombinera denne turen emd ein terrengtur, kan ein følgja stien til Ulvanåso 100 meter til møte med stien som kjem frå Døsmland, Så går ein over brua og går lett tur ut dalen til bilvegen 100 meter ovafor idrettsplassen. Rundturen er ikkje eigna for barnevogn og rullestol.

Så langt opplysningane på nettet. Så ventar vi berre på kart over denne og dei andre turane.

Av Ola Matti Mathisen